

**Saksframlegg**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Landbruk, miljø og teknisk utval	21/17	15.04.2021
Formannskapet	21/33	12.05.2021
Kommunestyret	21/42	25.05.2021

Reguleringsplan Fyrå - føringar for vidare arbeid**Vedlegg:**

- 1 123/7 - Utarbeiding av reguleringsplan for kommunal eigedom på Fyrå/ Kvæven
- 2 VarselkartFyrå
- 3 Samanfatning høyringsinnspeil reguleringsplan Fyrå

Saksdokument:**Saksutgreiing:**

Med bakgrunn i kommunestyrevedtak, blei det i 2020 starta arbeid med ny reguleringsplan for del av kommunen sin eigedom på Fyrå, sjå vedlagt sak med nærmere bakgrunn og utgangspunkt for planarbeidet.

Vedtak i kommunestyret 05.11.2019, sak 19/73:

1. *Tokke kommune set i gang arbeid med utarbeiding av reguleringsplan for hyttefelt Fyrå, på del av gnr. 123 bnr 7, Kvæven - eigedomen på Skafsåheia.*
2. *Tokke kommune tek arbeidet med utarbeiding av reguleringsplan, og vurderar eit høveleg antal nye hyttetomter kring eksisterande hytter.*
3. *Tokke kommune tek ikkje kostnader med opparbeidning, drift og vedlikehald av vegar, evt. utgifter til anna infrastruktur ved behov for oppgradering av området.*
4. *Oppstart av planarbeidet og vidare prosess følgjer Plan- og bygningslova Kap. 12. Avgrensing av planarbeidet følgjer ein naturleg del av område kring eksisterande hytter, med noko utviding mot sør, aust og nord.*

5. *Reguleringsplan må ta omsyn til skiløyper og Fyrålåmi.*
6. *Reguleringsplanen skal ha som mål å oppgradere hyttefeltet med avklaringar om betra sanitær standard, hyttestorleik osv.*

Planarbeidet blei formelt varsle i april 2020, og planen var å ha eit planframlegg klart til handsaming haust/ vinter 20/21. Gjennom 2020 har me hatt fleire tilhøve som har forseinka arbeidet, med innsparingar av vakante stillingar pga korona-situasjonen og omdirigering av ressursar internt.

Det blei utført synfaringar i området i løpet av sommaren, men me ser at det er fleire tilhøve som bør avklarast før me går vidare med arbeidet nå. Ved varsel om oppstart av arbeidet, tok me med områda i sør, aust og nord, fordi me såg at det her låg fine areal for framtidige hyttetomter. Utgangspunktet for saka var å føre fram vegar m.m. og sjå på moglegheiter for noko utviding/ fortetting kring eksisterande hytter.

Vedlagt følgjer ei samanfatning av innkomne innspel til planarbeidet. Fylkeskommunen krev å undersøkje området i høve til mogleg automatisk freda kulturminne, med pris på 150 000,-. Dersom me går attende til å berre regulere områda kring eksisterande hytter, vil truleg kravet falle vekk, jfr erfaring frå andre saker.

Dersom områda særleg mot aust skal takast i bruk til hyttetomter, vil det krevje store investeringar i m.a. vegar. Tanken i starten av arbeidet på Fyrå, var at me skulle regulere einskilde tilleggstomter knytt til regulering av vegar for eksisterande hytter og at det var hytteeigarane som skulle stå for bygging av vegane.

Før me held fram med arbeidet, ynskjer me å få meir avklara kor omfattande planarbeidet på Fyrå skal vere. Me har nok trekt grensene litt langt i høve til det som låg i vedtaket «..noko utviding mot sør, aust og nord», og ynskjer nå å få avklara dette endeleg.

Rådmannens framlegg er at me går attende til opprinnelag tanke om å halde plangrensa nær eksisterande hytter, leggje fram vegar og opne for anna sanitær standard i plan, samt sjå på enkelte, naturlege nye tomter i tilknytning til dette. Truleg er det då tale om 5 – 10 nye tomter.

Som følgje av dette vil me endre plangrense og varsle på ny til partar og styremakter. Sommaren vil me bruke til feltarbeid i nært samarbeid med oppsitjarane i feltet, som ynskjer dette. Nærare innmåling av vegar, vasskjelder osv vil vere ein del av dette arbeidet.

Rådmannen si tilråding:

Arbeidet med reguleringsplan Fyrå blir avgrensa til å gjelde området kring eksisterande hytter, slik det er skildra i saksutgreiinga.

Føringane i opprinnelag K-sak 19/73 gjeld ut over dette.

Saksprotokoll i Landbruk, miljø og teknisk utval - 15.04.2021

Rådmannen sin tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Arbeidet med reguleringsplan Fyrå blir avgrensa til å gjelde området kring eksisterande hytter, slik det er skildra i saksutgreiinga.

Føringane i opprinnelag K-sak 19/73 gjeld ut over dette.

Saksprotokoll i Formannskapet - 12.05.2021

LMT sitt vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Arbeidet med reguleringsplan Fyrå blir avgrensa til å gjelde området kring eksisterande hytter, slik det er skildra i saksutgreiinga.

Føringane i opprinnelag K-sak 19/73 gjeld ut over dette.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 25.05.2021

Peder L Vistad var inhabil i saka.
20 røysteføre medlemmer.

Formannskapets vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Arbeidet med reguleringsplan Fyrå blir avgrensa til å gjelde området kring eksisterande hytter, slik det er skildra i saksutgreiinga.

Føringane i opprinnelag K-sak 19/73 gjeld ut over dette.